



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Johannes Vågenes
Lønborglien 286
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/880 - 14/4587

Saksbehandlar:
Øyvind Hatleli
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:
05.05.2014

Landbrukssak Gbnr 30/5 Vågenes nedre - søknad om bygging av landbruksveg - sakshandsaming

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 30/5 i Radøy kommune.

Sakshandsaming:

Vegen skal gje tilgang til jordbruksareal, og skal vere om lag 75 meter i klasse 7. Det er berekna byggjekostnad på om lag 30 000 kroner. Årleg transportgevinst for jordbruk vert rundt 3000 kroner. Vegen har 100% interesser i jordbruk.

Ved handsaming av søknader om bygging av landbruksveg skal ein nytte *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* FOR 1996-12-20 nr 1200, og *Lov om forvaltning av naturens mangfold* LOV-2009-06-19-100 (Naturmangfaldlova) dersom tiltaket kan påverke særskilte natur- eller miljøverdiar. Ved handsaming etter forskrifta skal ein ta omsyn til konsekvensane tiltaket vil ha på naturmiljø, landskapet, kulturminner og friluftsliv.

Det er ingen kjende natur- eller miljøverdiar tilknytt tiltaket som krev særskild omsyn, og tiltaket vil påverke naturmiljøet i særst liten grad. Tiltaket vil ikkje påverke friluftslivet i området på nokon måte. Landskapet vil heller ikkje verte påverka nemneverdig. Det er eit typisk landbruksprega område noko som vegen vert ein naturleg del av.

Søknaden vart sendt på uttale til Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemyndigheit. Det har ikkje kome uttale på saka, men dersom det under arbeidet skulle dukke opp kulturminner av forhistorisk verdi skal Hordaland fylkeskommune kontaktast og alt arbeid stogkast til dei har vore på plassen.

Det skal i fylgje forskrifta leggjast vekt på å finne gode heilheitsløyser uavhengig av eigedomsgrenser. Vegen skal også vere rasjonell og rekningsssvarande for landbruksareala den løyser ut.

Vegen er rekningsssvarande og rasjonell for drifta, og vil vere den beste måten å løyse ut areala på.

Landbrukskontoret finn at søknaden støttar krava i forskrifta og gjev Johannes Vågenes løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 30/5 i Radøy kommune.

Vedtak:

Johannes Vågenes får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 30/5 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet:

- Dersom det under arbeidet skulle dukke opp kulturminner av forhistorisk verdi skal Hordaland fylkeskommune kontaktast og alt arbeid stogkast til dei har vore på plassen.
- Vegen skal leggjast fint i terrenget, og eventuelle skjeringar skal jordslåast og såast i.
- Vegen skal byggjast slik kartskissa syner.

Vedtaket er gyldig til 10.05.2017

Vedtaket har heimel i *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* FOR 1996-12-20 nr 1200. Vedtaket kan klagast på jf. forvaltningslova § 28, innan tre veker frå vedtaket vart motteke. Klagen skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen.

Med helsing

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland - Landbruksavdelinga	Postboks 7310	5020	BERGEN
--	---------------	------	--------

Mottakere:

Johannes Vågenes	Lønborglien 286	5039	BERGEN
------------------	-----------------	------	--------